



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bjordal og Ortnevik sokneråd

### Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd tysdag 14.03.23 kl. 17.00 – 19.00 i Gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Sissel Sørebo, Joar Oppedal, Alf Magnar Svartemyr, Geir Sørebo og sekretær Ann Iren Østerbo.

Åge Østerbo og Ingunn Østerbo på telefon.

Fråverande: Kenneth Førde og vara Jon Nesheim

Geir las bibeltekst for kommande søndag Joh. 11, 45- 53 og deretter ei bøn.

Innkallinga vart godkjent med desse endringane : meldingssak 20/23 Gåve til Norvald Bjordal blei omgjort til vedtakssak, og i tillegg kom to meldingssaker.

#### Meldingssaker:

17/23 Info frå fellesrådet v/Sissel : Fellesrådet har eit underskot på kr. 432.000,- for 2022.

Fellesrådet har fått tilskot til å dekke utgifter til kyrkjevalet.

Skisse er laga for handikaptalett til kyrkja i Ortnevik i forbindelse med brandepot. Dette kjem på 300.000,-.

Alarmsendarane i kyrkjene må skiftast ut p.g.a nytt system.

Kalking og gjødsling på kyrkjegardane til kr. 95.000,- må vente, då kostnaden er for høg for fellesrådet no.

18/23 Tal medlemmer i nytt sokneråd med 4 medlemmer og 3 vara er godkjent av årsmøtet.

19/23 Gudsteneste i Høyanger med avskjed for Bjørnar Otterstein 5. mars var eit fint arrangement. Sissel, Geir, Mari-Ann, Alf Magnar og Norvald reiste.

20/23 Kyrkjetenarstillinga i Bjordal står enno ledig. Ulike modellar kan vere moglege: samarbeid klokkar og ein eigen vaktmeister utanom gudstenestene. Team på 3-4 personar som deler på oppgåver. Åge forhøyrer seg med aktuelle personar, og vi ser saka an inntil vidare.

21/23 29. juni – 2. juli er det sommarfest og generalforsamling for NMS i Stjørdal. Sissel er påmeldt. Fleire frå kyrkjelyden kan reise.

22/23 Joar informerte litt om detaljreguleringsplan for Ortnevik næringspark. Dette er ein utvidelse av kveiteoppdrettet. I tillegg til to bygg; eit til oppdrettet og eit til Ortnevik Tre som vil ligge ca 200 m frå kyrkja bortom elva. Soknerådet har ikkje innvendingar til saka.

#### Sakliste

##### Sak 17/23 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 7. februar og årsmøte 12. februar.

**Vedtak :** Møteprotokoll for 7. februar og årsmøte 12. februar vart godkjent.

##### Sak 18/23 Desse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :

- Gudsteneste og årsmøte i Bjordal 12. februar – 21 personar på gudstenesta og 17 på årsmøtet. Kyrkjekaffi, takk og markering for Norvald Bjordal som har vore kyrkjetenar i mange år.
- Song på Bygdetunet 13. feb. med 18 personar, 27. feb. med 22 personar og 13. mars med 20 personar.
- Opplegg for konfirmantane i Bønnens Hus 28. feb. Sissel reiste med dei, og Ole hadde programmet.
- Myldresamling i Ortnevik grendehus 4. mars – 3 barn
- Vanleg høgmesse i Bjordal 12. mars – 12 personar. Samtalegudstenesta måtte flyttast til palmesøndag p.g.a sjukdom.
- Framleis God helg v/Geir Sørebo på nett.

##### Sak 19/23 Kandidatar til soknerådsvalet

Vi er no oppe i sju kandidatar til soknerådlista: Sissel, Åge, Ingunn, Camilla, Irene, Kjersti og Terje. Ortnevik, Ickjefjord og Søreide er representert. Skulle hatt med person frå Bjordal og ein ungdom.

**Vedtak:** Åge tek kontakt med Monika Molland / Steinar Holen. Alf M. høyrer med Anne Mette Moen.

Joar og Ann Iren får fullmakt til å vere nominasjonskomite og har kandidatlista klar til 31. mars.

**Sak 20/23 Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 28. mars.**

Sissel hadde på førehand snakka med dei aktuelle personane og laga ferdig ruteforslaget, i tillegg til bøsse m/tilbehør. Bøssene leverast kasserar Liv-Gunnbjørg etter innsamlinga før kl. 21.

**Vedtak:** Ruteforslag og opplegg vart godkjent av soknerådet.

**Sak 21/23 Dugnad på kyrkjegardane.**

**Vedtak:** Dugnad i Bjordal tysdag 25. april kl. 17 - Åge har hovudansvar og mobiliserer folk!

Geir og Åge tek ei synfaring veka før og ser kva som må prioriterast. Sissel set opp plakat.

**Sak 22 /23 Innkjøp av fleire «Syng med» med stor skrift til bruk på Sørsida Bygdetun**

Det er for få ” Syng med ” med stor skrift på Bygdetunet til 20 deltakarar på songstundene.

**Vedtak:** Soknerådet godkjenner innkjøp av 10 bøker til kr. 2000,- . Soknerådet legg ut kostnaden, men Sissel har søkt prosjektmidlar frå kommunen; utval for kultur og folkehelse om dekning av utgifta.

**Sak 23/23 Møteplan vidare.**

**Vedtak:** Tysdag 23. mai kl. 17 -19 i Gamlebanken

**Eventuelt**

**Sak 24/23 Gåve til Norvald Bjordal for mange år som kyrkjetenar**

Miniatyrkyrkja var utstilt på gudstenesta 12. mars og skal stillast ut i påsken, i tillegg til på Sørsida Bygdetun Trearbeidar Arthur Szaprowski har brukt 60 t på meisterverket. Soknerådet vedtok på sist møte å betale 2000,- for gåva, der fellesrådet dekkar 1000,- men ein ser no at prisen er for låg i forhold til tida Artur har lagt ned.

**Vedtak:** Soknerådet vedtok å betale kr. 3000,- for gåva, der fellesrådet dekkar kr. 1000,-.

Sissel Sørebo  
Leiar

Ann Iren Østerbø  
sekretær

Kopi: Høyanger kyrkjekontor